



UKM 08/21 Resolusjon frå Stavanger ungdomsråd til Ungdommens kyrkjemøte 2021

Den norske kyrkja har i ei årrekke uttrykt eit engasjement for klima, miljø og berekraft. I 1996 behandla Kyrkjemøtet saka «Forbruk og rettferd». I oppfølginga av denne saka vart det bestemt at det skulle opprettast eit nettverk for ildsjelar som arbeidde med miljø og rettferd i kyrkja. Dette nettverket er det me i dag kjenner som «Grønn kirke».

I 1998 vart Hundvåg menighet i Stavanger bispedøme landets første grøne kyrkjelyd. I dag består nettverket av meir enn 400 kyrkjelydar i Den norske kyrkja, samt fleire kyrkjelydar i andre kyrkjesamfunn og kristne organisasjonar.¹ Nettverket er ein ressurs for kyrkjelydar som ønskjer å gjere sitt for å ta tak i dei utfordringar som klimaforandringane gir oss.

Ungdommens kyrkjemøte har òg vist eit tydeleg engasjement for klimasaka, og har opp gjennom åra mange gonger kome med resolusjonar som angår kyrkja og ungdom sitt engasjement for klimaet. Så tidleg som i 1998 kom UKM med resolusjonen «Forbruk og rettferd»,² som ei oppfølging av saka med same namn på kyrkjemøtet i 1996 (KM 10/96), og seinare har UKM ved fleire anledningar drøfta sakar som direkte eller indirekte angår klimaforandringane og dei konsekvensar desse har for kyrkja og ungdommar.³

I 2019 fekk Greenhouse, eit ungdomsarbeid i Bogafjell menighet i Stavanger bispedøme, som første ungdomsarbeid i Den norske kyrkja anerkjenning som grøn kyrkjelyd, gjennom eit diplom overlevert av Stavanger biskop.⁴ Ungdommane i Greenhouse har gjort tiltak som å lage eigen kjøkenhage med kompostert jord, lodda leidningar og reparere klede.

UKM21 synes arbeidet Greenhouse har gjort er både spanande og viktig, og ser gjerne at fleire ungdomsarbeid rundt om i landet set i gong tilsvarende tiltak. Samstundes ser UKM at det kan vere utfordrande for mange ungdomsarbeid å få til noko tilsvarende. Eit ungdomsarbeid kan veksle frå år til år, somme ungdomsarbeid har få deltakarar og treffest sjeldan, og ikkje alle tilsette som arbeider med ungdom har ressursar til å dra eit slikt arbeid.

For å gjere det lettare for ungdomsarbeid i kyrkjelydar og barne- og ungdomsorganisasjonar knytt til Den norske kyrkja å verte grøne, vil det vere ein fordel om det fanst ein formalisert prosess for å verte grønt ungdomsarbeid. Ein slik prosess kan med fordel likne den som finst for grøne kyrkjelydar, og inkludere registrering av grøne ungdomsarbeid, utmerking med diplom, oppfølging frå bispedømekontoret, og oppretting av eit nettverk der interesserte som driv med grønt ungdomsarbeid i sin organisasjon eller kyrkjelyd kan treffast og utveksle idéar og inspirasjon.

Ei ordning for grøne ungdomsarbeid bør derimot ikkje vere for rigid og avgrensa til spesifikke tiltak. Eit ungdomsarbeid kan veksle frå år til år, og det kan variere stort kva som er mogleg å gjennomføre. Grøne ungdomsarbeid kan med fordel gjere nytte av for eksempel «Use your talents»-metoden.





Denne metoden tek utgangspunkt i dei ressursane som finst lokalt i ungdomsarbeidet, og ser på kva ein kan få til med desse. Slik kan det grønne engasjementet i ungdomsarbeidet vere organisk, i staden for å vere bunde til strenge retningslinjer og krav.

Moglege utfordringspunkt:

- UKM21 bed Kyrkjerådet om å leggje til rette for ei registreringsordning for grønne ungdomsarbeid, liknande den som finst for grønne kyrkjelydar i dag.
- UKM21 bed bispedømekontora om å leggje til rette for utmerking og oppfølging av grønne ungdomsarbeid lokalt i sitt bispedøme.
- UKM21 ønskjer at det vert oppretta eit nettverk for grønne ungdomsarbeid i Den norske kyrkja.
- UKM21 oppmodar alle ungdomsarbeid, i kyrkjelydar og barne- og ungdomsorganisasjonar knytt til Den norske kyrkja, til å verte grønne ungdomsarbeid.

